

# Årsmelding for 2017

Vågå Kameraklubb har i 2017 hatt 32 betalende medlemmer. Oppslutning på medlemsmøta har variert frå 6 til 12 medlemmer, og enkelte gonger eit par gjester. Medlemsmøta er haldne i klubblokalet på Vågå Hotell.

VKK fekk i 2017 tildelt kr. 5.000 i kulturmidlar frå Vågå kommune.

Sparebank1 Lom og Skjåk innvilga kr. 2.000 etter søknad om gåvemidlar.

VKK er registrert i Brønnøysundreg. for Grasrotmidlane, og det har kome inn kr. 965 i løpet av året.

## Styret:

Styret i 2017 har bestått av:

Svein Ole Valde - leiar, Kjell Stålevik – nestleiar, Sander Sælthun – kasserar, Kari Sveen– sekretær og Asgeir Hagen (styremedlem). Kari Fossen – 1. varamedlem, Jorunn Øyen 2. vara.

Det har vore i alt 3 ordinære styremøte i arbeidsåret (30/1, 31/8, 14/12).

I tillegg to felles styremøte med Linselusa for planlegging av regionalt fototreff i regi av NSFF.

## Oversikt over klubbmøte:

Dato:	Frammøte:	Program:	Månadens bilete:
9. febr.	12 medl.	<ul style="list-style-type: none"><li>Galleri i Ullinsvin</li><li>Statusoppdatering om galleri ved Tone Bakken</li><li>Postkort.</li><li>Forslag om at vi kan produsere postkort til inntekt for VKK. Rune Hermansen kan trykke</li><li>Bildevisning</li><li>5 kveld/nattbilete frå kvar for felles bildevisning.</li><li>Månadens bilete – «Fritt motiv»</li><li>Teknisk hjørne – Programhjulet</li><li>- kva står dei forskjellige bokstavane for?</li><li>- Kva er dei forskjellige programma til?</li></ul>	<b>«Fritt motiv»</b> 20 bilete innlevert  Vinnar: Tone Bakken 2. Kjell Stålevik 3. Harm Kroon
9.mars	8 medl.	<ul style="list-style-type: none"><li>Bildevisning ved Kjell Løkken</li><li>Bilete frå aktivitetar i VKK opp gjennom åra</li><li>Årets bilde 2016</li><li>Dovrefjell Fotoforum har juryert dei tre beste bileta fra kvar "månadens bilete"-konkurranse i 2016. Vinnarbiletet var teke av Svein Ole Valde.</li><li>Månadens bilete – «Hålke»</li></ul>	<b>«Hålke»</b> 8 bilete innlevert  Vinnar: Kjell Stålevik nr.2: Kjell Løkken nr.3: Kjell Stålevik
6. april	7 medl. + Ole Thøring og Svein Bekkum	<ul style="list-style-type: none"><li>Regionalt fototreff</li><li>Bildevisning ved Ole Thøring fra Dovre</li><li>Månadens bilete – «Fritt motiv»</li><li>Teknisk hjørne</li><li>Vi ser litt på kvifor brennvidde eller zoom på objektivet endrar seg etter kva kamera og sensorstørrelse som er brukt.</li></ul>	<b>«Fritt motiv»</b> 18 bilete innlevert  Vinnar: Svein Ole Valde Nr. 2: Kjell Stålevik Nr. 3: Kjell Stålevik

9. mai	6 medl.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• <i>Månadens bilete – «Full fart»</i></li> <li>• <i>Utstilling av foto på Vågå Bibliotek Svein Ole og Kjell ordna utstillinga</i></li> <li>• <i>Teknisk hjørne</i></li> </ul>	<b>«Full fart»</b> 13 bilete innlevert  Vinnar: Kjell Stålevik nr.2: Kjell Stålevik nr.3: Vigdis Røberg
8. juni	Felles med Linselusa	<ul style="list-style-type: none"> <li>• <i>Utefotografering, Mysusetter og opp langs Ula Førebuing til arrangement av regionalt fototreff</i></li> </ul>	<i>Inga minikonkurranse</i>
14.sep	7 medl.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• <i>Felles bildevisning - Alle kan ta med 5 foto</i></li> <li>• <i>Månadens bilete – «Fritt motiv, fotografert i løpet av sommeren»</i></li> <li>• <i>Teknisk hjørne</i></li> <li>• <i>Planlegge klubbtur/hausttur. Tur til Sjodalen</i></li> </ul>	<b>«Fritt motiv – frå sommaren»</b> 9 bilete innlevert  Vinnar: Kari Sveen nr.2: Kjell Andersen nr.3: Vigdis Røberg
12.okt.	8 medl.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• <i>Resultat Vårkonkurransen – «Portrett» Juryert av Ålesund kameraklubb</i>  1. <i>Svein Ole Valde</i>  2. <i>Nina Rønning</i>  3. <i>Nina Rønning</i></li> <li>• <i>Månadens bilde – «Vatn»</i></li> <li>• <i>Teknisk hjørne – Printing</i></li> </ul>	<b>«Vatn»</b> 10 bilete innlevert  Vinnar: Kari Sveen nr.2: Svein Ole Valde nr.3: Vigdis Røberg
9.nov	9 medl.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• <i>Bildevisning - alle kan ta med seg 5 foto</i></li> <li>• <i>Månadens bilete – «Fritt motiv»</i></li> <li>• <i>Teknisk hjørne om nattfotografering.</i></li> <li>• <i>Innlevering av bilete til klubbkonkuransen med tema "Forfall"</i></li> </ul>	<b>«Fritt motiv»</b> 16 bilete innlevert  Vinnar: Kjell Stålevik nr.2: Kjell Stålevik nr.3: Svein Ole Valde
14.des	8 medl.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• <i>Filmvisning timelapse video med Jan Stokstad</i></li> <li>• <i>Teknisk hjørne timelapse video</i></li> <li>• <i>Månadens bilete – "Frost"</i></li> </ul>	<b>«Frost»</b> 12 bilete innlevert  Vinnar: Kjell Stålevik nr.2: Jan Stokstad nr.3: Jan Stokstad

#### Årsmøte:

Årsmøte for 2017 vart avvikla 20.01.2017 på Vågå Hotell.

#### Norsk Selskap for Fotografi (NSFF).

Klubben er tilslutta NSFF. Klubben var ikkje representert på NSFF sitt landsmøte i 2017.

Linselusa og VKK samarbeidde om arrangement av NSFF sitt regionale fototreff for Austlandet. Rondane Høgfjellshotell 22.-24. september. Arrangementet fekk bra respons, og resulterte i overskott på 7.183 kr på kvar av arrangørklubbane.

#### Komitear:

Vågå Kameraklubb har desse komiteane: Valkomité, Utstillingskomité, Konkurrans- og jurykomité, Kalenderkomité, Heimeside og Facebook, Klubbrom/utstyr/materiell, Fotoalbum/avisutklipp.

#### Aktivitetsplan 2017 – oppfølging:

Aktivitet, vedtak årsmøtet 14.01.2017:	Oppfølging:
<ul style="list-style-type: none"> <li>• <i>Medlemsmøte, andre torsdag i månaden på Vågå Hotel; fotografering, konkurransar, bildevisning/-vurdering, fototeknikk m.m.</i></li> </ul>	<p>Det har vore 8 ordinære medlemsmøte. Det er pause i juli/august, og i januar, når det er årsmøte.</p>
<ul style="list-style-type: none"> <li>• <i>Aktivitetar mellom dei ordinære medlemsmøta (temakveldar, kurs, fotografering, bildebehandling osv.).</i></li> </ul>	<p>Det har vore arrangert 7 fotokafe/temakveldar mellom medlemsmøta</p>
<ul style="list-style-type: none"> <li>• <i>Fototur(-ar) i nærområdet.</i></li> </ul>	<p>8. juni – Fototur langs Stor-Ula med Linselusa 24. august – fototur til Finndalen med 3 deltakarar 7. oktober – Fototur ved nedre Leirungen og Gjendehøe, med 4 frå VKK og 1 frå Linselusa</p>
<ul style="list-style-type: none"> <li>• <i>Arrangere klubbkonkurransar vår og haust.</i></li> </ul>	<p>Det har vore avvikla 2 klubbkonkurransar i 2017. Vår: «Portrett». Vinnar Svein Ole Valde Haust: «Forfall». I tillegg er det avvikla 8 «Månadens Bilete»-konkurransar på medlemsmøta. Årets bilete 2017 vil bli kåra av ekstern jury.</p>
<ul style="list-style-type: none"> <li>• <i>Deltaking i konkurransar utafør klubben / nasjonale konkurransar / NSFF "Norgesmesterskap i fotografi".</i></li> </ul>	<p>Svein Ole Valde, antatt 2 foto i <i>Norgesmesterskap i foto</i>, vår 2017 - Klasse: Projeksjon -Tema: <a href="#">Natur</a>: «Fjellrype» og «Heilo» Medlemmer med dobbelt medlemskap, som er tilslutta NSFF via annan hovudklubb: Harm Kroon (Trondheim) Antatt 2 foto i NM Vår 2017: Klasse Projeksjon Farger - Tema <a href="#">Fritt motiv</a>: «Between to windows» og Klasse Monokrom -Tema <a href="#">Fritt motiv</a>: «Prickly» og 1 foto i NM Haust: Klasse: Projeksjon Farger Tema: <a href="#">Fritt motiv</a> «Morgenbad» Harm har også fått NSFFs Sølvplakett (50 poeng)</p>
<ul style="list-style-type: none"> <li>• <i>Ta på oss juryoppdrag for andre fotoklubbar.</i></li> </ul>	<p>Klubben har ikkje hatt juryoppdrag i 2017.</p>
<ul style="list-style-type: none"> <li>• <i>Arrangere kurs/workshops for klubbens medlemmer og andre.</i></li> </ul>	<p>Temakveldar på open fotokafe Teknisk hjørne på medlemsmøte: Instruktørar har vore Svein Ole Valde og Kjell Stålevik</p>
<ul style="list-style-type: none"> <li>• <i>Gje ut Vågå-kalenderen 2018.</i></li> </ul>	<p>Kalenderkomiteen har også i år gjort eit flott arbeid med innsamling av historiske bilete, teksting og produksjon av Vågåkalenderen for 2018.</p>
<ul style="list-style-type: none"> <li>• <i>Utstilling av medlemmane sine foto</i></li> </ul>	<p>Klubben har stilt ut Månadens bilete på Vågå Handelsforening. Utstilling på biblioteket i mai.  Kjell Løkken har vidareført ordninga med bilete på Frivilligsentralen.</p>
<ul style="list-style-type: none"> <li>• <i>Vidareutvikle heimesida og ha ein aktiv</i></li> </ul>	<p>Svein Ole Valde har gjer ein kjempejobb med heimesida i 2017 - <a href="http://vagakameraklubb.no">http://vagakameraklubb.no</a></p>

<i>profil på Facebook</i>	Han er også den som tek seg av Facebook. Fleire bør bidra her.
<ul style="list-style-type: none"> <li><i>Delta i aktivitetar i regi av Norsk Selskap for Fotografi. Levere bilete til NSFF si årbok</i></li> </ul>	Svein Ole Valde og Kjell Stålevik var representert med kvart sitt bidrag i NSFF Årbok 2016
<ul style="list-style-type: none"> <li><i>Minst 1 frå styret skal representere klubben på NSFFs landsmøte.</i></li> </ul>	VKK var ikkje representert på NSFF sitt landsmøte på Gardermoen
<ul style="list-style-type: none"> <li><i>Gjennomføre felles møte/aktivitetar med naboklubbar</i></li> </ul>	<p>28. mai: Tur til Fuglesteg i Luster, der Linselusa var invitert med. Det var 4 frå VKK og 2 frå Linselusa som møtte opp, men dei frå Linselusa snudde pga regnværet. Etter kaffipause i Fortun hos Kari og Sander, fekk vi ganske bra vær til slutt.</p> <p>Svein Ole Valde, Kjell Stålevik og Kari Sveen deltok på temakveld i Linselusa 18. januar, der Atle Sveen hadde bildevisning/foredrag.</p> <p>Svein Ole Valde og Kjell Stålevik besøkte Linselusa på temakveld om Lightroom 22. nov.</p> <p>Linselusa (Vinstra) og Knipsarlaget (Lom) var inviterte til haustturen i Leirungsdalen 7. okt.</p> <p>Befaring langs Stor-Ula og fleire felles styremøte med Linselusa i samband med arrangementet av regionalt fototreff i Rondane hausten 2017. Svein Ole Valde, Asgeir Hagen, Kjell Stålevik og Kari Sveen var med i arrangementskomiteen.</p>
<ul style="list-style-type: none"> <li><i>Delta på aktuelle arrangement i bygda (m.a. Vågå-dågå)</i></li> </ul>	Asgeir Hagen og Svein Ole Valde var i Jutulheimen og fotograferte under forestillinga til Kulturskulen
<ul style="list-style-type: none"> <li><i>Prøve å rekruttere nye medlemmer</i></li> </ul>	<p>Fleire nye har vore innom på fotokafe.</p> <p>Det er mange ikkje-medlemmer som følgjer med på VKK si Facebook-side</p> <p>3 nye medlemmer har teikna medlemskap i 2017</p>

Vågå, 3. januar 2018

Styret